

Paul Bergsvik til minne

Av Bjørn Austigard

Apotekar Paul Bergsvik døydde 29. november 2001. Eit ivrig medlem og god artikkelforfattar er dermed borte for alltid. Apoteket var arbeidsplassen hans, men allsidig interessert som han var, let han seg engasjere på mange felt. Som pensjonist kom han attende til Romsdal, og det var då lokalhistorikaren i han vakna.

Paul Bergsvik var fødd 7. mai 1913 i Bergsvika på Nesjestranda. Han var eldst i ein søskenflokk på fem, og slik ville det ha vore naturleg om han tok over garden. Men «skoleflink» som han var, studerte han farmasi og tok eksamen i 1938. Han var provisor på Molde Apotek 1939-45 med visse avbrot på grunn av krigen; han vart m.a. utskriven til Stokkmarknes apotek for ein periode. Etter eitt år som apotekstyrar på Åndalsnes, vart han hausten 1946 provisor ved Svaneapoteket i Trondheim. Der var han til 1950 då han fekk stillinga som apotekstyrar ved Løveapoteket i Kristiansund, ei stilling han hadde i 6 år. Berre 43 år gammal vart han apotekar i Høyanger med eige apotek. Dette dreiv han i åra 1956-60. Turen gjekk deretter til Bergen der han først hadde Olav



Kyrre apotek (1962-70) og seinare Nordstjernen (1970-81). I 1981 pensjonerte han seg, og saman med kona Astrid flytta han tilbake til Nesjestranda.

Heile livet var han kulturelt interessert. Han var med i kor, korps og foreningsliv. Etter at han kom tilbake til Nesjestranda, vakna brått barndomsminna i han, og han hadde mykje interessant å fortelje frå ei god barndoms- og ungdomstid. Det var på eit møte i helselaget at vi møttest første gongen. Eg kåserte om folkemedisin og gamle kjerringråd medan han sat som interessert tilhøyrar på fremste stol. Gjennom fleire år hadde eg intervjuet folk om blodigler og bruken av dei. Kunnskapane mine var derfor andre hands, medan han hadde selt desse blodtørstige blautdyra over apotekdisken dei 20 første åra han var i bransjen. Det vart kontakt mellom oss frå første stund, og vi hadde eit nært og godt samarbeid i mange år. Vi var på tur saman til Alteret og Bikkalteret i Horja, og han deltok flittig på møte og årsmøte i Sogelaget. Han svara på mest alle spørsmål som eg sende ut til medlemmene, og visste han ikkje noko sjølv, tok han bryet med å spørje folk som han trudde visste det. På oppmoding skreiv han små artiklar om nærmiljøet, og han forma desse slik at dei skulle interessere vanleg folk. Kommentaranne attende til redaksjonen viste at mange las det han skreiv.

Paul Bergvik hadde eit lyst sinn, han var støtt i godt humør, og slik vil eg minnast han!

Bjørn Austigard

Artiklar i Romsdal Sogelags årsskrift:

Om utflukter på Nesjestranda frå 80 år sidan, 1992, s. 66-72

Steinmerra, 1992, s. 73-74

Bergsvikelva - elva «vår», 1993, s. 59-62

Minne frå Nesjestranda Musikklag, 1997, s. 241-146

Hjorten på Nesjestranda 1998, s. 253-255

Artiklar i Romsdalsdalsmuseets årbok 1991

Då presten flytta frå Veøya, s. 119- 125

Bøndene sine båtstøer på Veøya, s. 139-141